



Saman om ei positiv utvikling!

# Bibliotekplan Hægebostad kommune

## 2018 - 2022



## INNHOLDSFORTEGNELSE

1.Innleiring .....	3
2.Nasjonale føringar .....	4
2.1    Lov om folkebibliotek.....	4
2.2    Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018 .....	4
2.3    Stortingsmelding nr. 27 «Digital agenda for Norge –IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet» .....	5
2.4    «Strategisk handlingsplan for folkebibliotek i Vest-Agder 2012-2020» .....	5
2.5    Lokale føringar .....	6
3. Organisering .....	6
3.1    Arbeidsgruppe.....	6
3.2    Styringsgruppe .....	6
3.3    Planprosess.....	6
4. Overordna mål.....	7
5. Satsingsområde.....	7
5.1    Biblioteket som møteplass .....	7
5.1.1    Tiltak.....	8
5.1.2    Økonomiske konsekvensar av tiltaka .....	9
5.2    Vidareutvikle biblioteket som læringsarena .....	10
5.2.1    Tiltak.....	10
5.2.2    Økonomiske konsekvensar av tiltaka.....	10
5.3    Biblioteket skal drive oppsøkjande virksomheit .....	11
5.3.1    Tiltak.....	11
5.3.2    Økonomiske konsekvensar av tiltaka .....	11
5.4    Biblioteket skal utvikle eksisterande og nye digitale tenester .....	12
5.4.1    Tiltak.....	12
5.4.2    Økonomiske konsekvensar av tiltaka .....	13

## 1. INNLEIING

Endringar i samfunnet og biblioteklova gjer at biblioteket nå treng ein strategisk handlingsplan for dei neste fire åra. Å bygge møteplassar er god kulturpolitikk. Eit fritt og liberalt samfunn treng stader der folk kan møtast og ha fine opplevingar saman. Dette kan biblioteket bidra med. Biblioteket er ein stad der alle grupper i samfunnet kan kome, uavhengig av sosiale, økonomiske og geografiske skiljelinjer. Gode bibliotek er ein føresetnad for kvalitet, kunnskapsformidling, leseglede og livslang læring.

Kommunen sin visjon nedfelt i kommuneplanen er: «*Saman om ei positiv utvikling*».

Den overordna målsetjinga i kommuneplanen sin samfunnsdel er følgjande:

*«Hægebostad skal gjennom målretta arbeid vera ein attraktiv tilflyttingskommune med minimum 2% befolkningsvekst kvart år, og med spesielt fokus på tilflytting av yngre kvinner.»*

Det er i kommuneplanen sin samfunnsdel nedfelt eit sterkt ønske om å skape eit godt omdømme og gode vilkår slik at ein får stabil befolkningsauke og trivsel i kommunen. For å nå dette målet har ein i planperioden fokusert på tema som kan spreie optimisme og glede over å arbeide og bu i kommunen. Med bakgrunn i dette målet valgte kommunen å fokusere på følgjande fire tema: Arbeidsplasser, omdømme, likestilling og tenestetilbod. Eit av tiltaka som kom fram under arbeidet med å bygge omdømme var: «Arbeida for å utvikla eit betre kultertilbod i kommunen». Ein skal også «stimulere til god folkehelse hos innbyggjarane i kommunen», og bruke «språk som nøkkel til betre likestilling».

Bibliotekplanen skal vere eit verktøy for å oppfylle måla i kommuneplanen og støtte opp om Hægebostad kommune sin visjon «*Saman om ei positiv utvikling*».

I samarbeidsavtalen mellom Hægebostad kommunen og Vest-Agder fylkeskommune står det følgjande under punktet «Utvikling av tjenestetilbudet ved biblioteket»:

*«Strategisk handlingsplan for folkebibliotek i Vest-Agder 2012 – 2020 danner grunnlag for fylkeskommunens arbeid på bibliotekfeltet. Fylkeskommunen skal være en aktiv bidragsyter til utvikling av de kommunale folkebibliotekene, blant annet ved å bistå ved utarbeiding av kommunale bibliotekplaner.*

*Hægebostad kommune og fylkeskommunen skal samarbeide om å utarbeide en bibliotekplan for Hægebostad. Planen bør ha fokus på innholdsutvikling og nye oppgaver som følger av revidert biblioteklov. Fylkeskommunen vil ta initiativ og bidra faglig.»*

## 2.NASJONALE FØRINGAR

### 2.1 LOV OM FOLKEBIBLIOTEK

Folkebiblioteket har lovpålagte oppgåver og det er sterke nasjonale føringer. I takt med samfunnssendringar har ein endra lova og krava til kva eit bibliotek skal vere.

Endringa i lova sin formålsparagraf av 1.1.2014 gir biblioteka eit nytt og utfordrande samfunnsoppdrag i tillegg til dei tradisjonelle bibliotekoppgåvane.

*«Biblioteket skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt»*

Folkebibliotekas rolle er altså endra frå å vere ei boksamling til å drive aktiv formidling. Dette kjem fram i biblioteklova sin formålsparagraf.

#### *§1. Målsetting*

*«Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*

*Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.*

*Bibliotekets tjenester skal gjøres kjent.*

*Folkebibliotekene er ledd i et nasjonalt bibliotekssystem.»*



### 2.2 NASJONAL BIBLIOTEKSTRATEGI 2015-2018

Kulturdepartementet la i 2015 fram «Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. Statens oppgaver og ansvar for utviklingen av folkebibliotekene.»

Strategien peikar på at framtidas bibliotek er ein møteplass og ein kulturarena der publikum kan oppleve og delta på arrangement. Biblioteka har og ei viktig oppgåve som læringsarena som spreier og deler kunnskap. I tillegg er biblioteka debattarena som har som visjon å vere med å utvikle, og styrke demokratiet.

Nasjonalbiblioteket skal sørge for auka tilgang til digitale ressursar, og vidareutvikle nasjonale tenester for folkebiblioteka. Dette gjeld særleg formidling av litteratur, digitalisering av materiale og satsing på e-bøker.

### **2.3 STORTINGSMELDING NR. 27 «DIGITAL AGENDA FOR NORGE –IKT FOR EN ENKLERE HVERDAG OG ØKT PRODUKTIVITET»**

Her understrekar regjeringa at folkebiblioteka har eit ansvar for å styrke befolkninga sin digitale kompetanse. Eitt av måla er:

*«Legge til rette for at folkebibliotekene får en sentral rolle i arbeidet med å gi befolkningen et bedre veilederstilbud i grunnleggende digital kompetanse.»*

### **2.4 «STRATEGISK HANDLINGSPLAN FOR FOLKEBIBLIOTEK I VEST-AGDER 2012-2020»**

«Vest-Agder fylkeskommune skal være en aktiv bidragsyter og attraktiv samarbeidspartner i utviklingen av biblioteksektoren i Agder».

Folkebiblioteka skal vere ein sentral formidlingsarena for litteratur og kultur, og møteplassfunksjonen skal bli styrka. Folkebiblioteka skal vere identitetsbyggjande institusjonar for lokalbefolkninga i kommunen.



## 2.5 LOKALE FØRINGAR

I både «Leseplan for grunnskolen» og «Språkkommuneplan» er det ein føresetnad at det er eit godt samarbeid mellom bibliotek, skule og barnehage. I tillegg skal ein ha eit god utvalg av bøker som kan gje barn og ungdom leseglede.

Begge biblioteka i kommunen er kombinasjonsbibliotek, dvs. at folkebibliotek og skulebibliotek er samlokalisert på skulene. På denne måten utnyttar vi ressursane best mogleg, og har eit tett samarbeid med skulene og skulebibliotekar.

## 3. ORGANISERING

### 3.1 ARBEIDSGRUPPE

Roger Dyrøy – Fylkesbiblioteksjef i Vest-Agder

Ståle Olsen – Enhetsleder Plan og drift

Anne Marie Telhaug – Enhetsleder Eiken skule

Synnøve Hultin – Enhetsleder Hægebostad barnehage

May Sissel Rossevatn – Skolebibliotekar/lærar Kollemo skole

Anne Turid Nøkland – Biblioteksjef

### 3.2 STYRINGSGRUPPE

To politikarar valt av formannskapet:

Kirsten Svensson

Audun Rossevatn

### 3.3 PLANPROSESS

Arbeidsgruppa har utført SWOT-analyse der vi har sett på styrkar, svakheitar, moglegheitir og truslar for folkebiblioteket.

Biblioteksjefen har vore i dialog med Frivilligsentralen, helsestasjonen, småbarnsmødre på barseltreff, skulene og barnehagane. I tillegg har ein fått innspel frå eldrerådet, råd for funksjonshemma og elevrådsrepresentantar frå Byremo ungdomsskule.



## 4. OVERORDNA MÅL

**Biblioteket skal vere levande, og godt synleg i lokalmiljøet. Ein møteplass på tvers av generasjonar og ein arena for kunnskap, debatt, kultur og leseglede.**

## 5. SATSINGSMÅL

### 5.1 BIBLIOTEKET SOM MØTEPLASS

Folkebiblioteket skal vere eit lågterskeltilbod.

Biblioteket skal stille materiale gratis til disposisjon for alle innbyggjarane. I tillegg må ein ta omsyn til at brukarane sine behov er i stadig endring. Biblioteket skal og vere ein plass for kulturarrangement, inkludering og debatt:

- Biblioteka skal vere universelt utforma.
- Biblioteket skal vere gratis og tilgjengeleg for alle innbyggjarar.
- Biblioteket skal vere ein inkluderingsarena.

-Biblioteket skal vere ein kulturarena.



### 5.1.1 TILTAK

#### Kulturaktivitetar

Biblioteket skal kunne arrangere forfatterbesøk, konserter og teater, quiz og lesesirkel.

#### Kafe


Språkkafe og barseltreff.

#### Utstillingar

Eigne og eksterne utstillingar.

#### Bokgåve til 3- og 5-åringane i kommunen

Biblioteket ynskjer å gje barn i barnehagealder bøker for å fremme leselyst og skape ein god relasjon til biblioteket i ung alder.



#### Meiropent bibliotek

Meiropent er ei fin moglegheit for bibliotek med reduserte opningstider. Folk kan kome inn på biblioteket med lånekort og PIN-kode utanom opningstid. Dette vil gjera biblioteket mykje meir tilgjengeleg for alle og vil opplevast som ein svært god service.

Ved å tilby sjølvbetjeningsløysingar i kombinasjon med meiropent bibliotek, kan ein levere og låne bøker eller berre bruke fasilitetane i biblioteket akkurat når ein sjølv ynskjer.

Alarmport, kamera ved inngangen og RFID-merking av bibliotekmaterialet er naudsynt for å hindre misbruk av ordninga.

### 5.1.2 ØKONOMISKE KONSEKVENSAR AV TILTAKA

Omtale av tiltak som ikkje ligg innanfor den økonomiske ramma til biblioteket pr. i dag	Kostnad	Gjennomføring årstal
Oppdatering av inventar (sofagruppe ol.)	Kr. 15 000,-	2018
Arrangement, utstillingar	Kr. 25 000,-	Årleg
Bokgåver til 3- og 5-åringar	Kr. 6000,-	Årleg
Meiropent bibliotek Kollemo	Kr. 350 000,-	2020
Meiropent bibliotek Eiken	Kr. 350 000,-	2021

## 5.2 VIDAREUTVIKLE BIBLIOTEKET SOM LÆRINGSARENA

Folkebiblioteket er ein del av det lærande nettverket i regi av kompetancesenteret Sør, og samarbeider med skule og barnehage. Skulene bruker biblioteka aktivt, og legg stor vekt på lesing i alle fag. I tillegg skal biblioteket bidra til å auke leseforståinga elles blant befolkninga:

-Synliggjere biblioteket som ein ressurs ovanfor skole/barnehage, studentar og innbyggjarane elles.

-Tilrettelagt litteratur for minoritetsspråklege.

-Organisere tiltak gjennom den kulturelle skolesekken.



### 5.2.1 TILTAK

#### Innkjøp av materiell

Innkjøp av ordbøker, språkkurs, litteratur på ulike språk

Vere oppdatert på ny litteratur

#### Informasjon

Informasjon på foreldremøter

Informasjon i Lygnnytt og sosiale medier

### 5.2.2 ØKONOMISKE KONSEKVENSAR AV TILTAKA

Omtale av tiltak som ikkje ligg innanfor den økonomiske ramma til biblioteket pr. i dag	Kostnad	Gjennomføring årstal
Auka satsing på litteratur til minoritetsspråklege og elles blant innbyggjarane vil få konsekvenser for bokbudsjettet.	Kr. 15 000,-	Årleg

## 5.3 BIBLIOTEKET SKAL DRIVE OPPSØKJANDE VIRKSOMHEIT

**Folkebiblioteket skal informere, og drive litteraturformidling slik at barn, ungdom og vaksne får positive litteraturopplevingar i biblioteket, men og på andre arenaer:**

- Biblioteket presenterer bøker/aktivitetar for frivillige lag og foreiningar/pensjonistar, barnehagar og bu- og omsorgssenteret.
- Biblioteket skal i samarbeid med Audnedal bibliotek presentere bøker på ungdomskulen.
- Biblioteket tilbyr levering av bøker heim til eldre.
- Biblioteket bør vere aktivt tilstade på tilstelningar og andre markeringar i kommunen.



### 5.3.1 TILTAK

#### Oppsøkjande virksomheit

Bokprat/presentasjon av bøker 4 ganger i året.

Stand/informasjon på forskjellige tilstelningar i kommunen.

#### Tilrettelegging

Lesebrev frå elevar der elevane skriv kva for interesser dei har, slik at det blir lettere å finne rett bok til rett elev.

### 5.3.2 ØKONOMISKE KONSEKVENSAR AV TILTAKA

Omtale av tiltak som ikkje ligg innanfor den økonomiske ramma til biblioteket pr. i dag	Kostnad	Gjennomføring årstal
Dersom det skal brukast meir tid til aktivt å oppsøkje barnehagar, frivillige lag og foreiningar og bu- og omsorgssenteret, må dette løysast med økt stillingsprosent, og meir midlar på vikarposten i budsjettet, slik at ikkje dei primære tenestene blir dårligare.		

stillingsprosent opp til 80%.	Kr. 65 000,-	2019
stillingsprosent opp til 100 %.	Kr. 130 000,-	2022
Vikarbudsjett	Kr. 12 000,-	Årleg

## 5.4 BIBLIOTEKET SKAL UTVIKLE EKSISTERANDE OG NYE DIGITALE TENESTER

### Folkebiblioteket må følge den generelle teknologiske utviklinga i samfunnet:

- Biblioteket skal ha nødvendig kompetanse i forhold til digitale tenester.
- Biblioteket skal ha utvida opningstider.
- Vidareføre utlån av e-bøker.
- Biblioteket skal vere synlege på sosiale medier.
- Biblioteket skal tilrettelegge for seniorsurf/data drop-in i samarbeid med andre.



### 5.4.1 TILTAK

#### Kompetanseheving

Kompetanseheving av ansatte med eksterne/interne kurs.

#### Innkjøp

Innkjøp av iPad/nettbrett til utlån i biblioteket.

#### 5.4.2 ØKONOMISKE KONSEKVENSAR AV TILTAKA

Omtale av tiltak som ikke ligg innanfor den økonomiske ramma til biblioteket pr. i dag	Kostnad	Gjennomføring årstal
Innkjøp av 4 iPad	Kr. 20 000,-	2018
Kompetanseheving	Kr. 5 000,-	Årleg